

## Gjenbruk av lemstova frå Alversund

Dato: 16.01.2023

I samband med bygging av nye Alversund skule, vart det regulert inn eit nytt vegkryss i områdeplanen. Dette vegkrysset kom i konflikt med lemstova på gnr 137 bnr 818 , noko som medførte at det var naudsynt å demontere lemstova som stod der.

Lemstova vart plukka ned og deretter behandla for mit (varmebehandla). Den er i dag mellombels plassert på tørt lager.

Den eldste delen av lemstova er datert til å vere frå 1856-1857. Bygningen består av to laftekassar. Den nyaste laftekassen er frå 1916 og kan stort sett gjenbruks. I den eldste laftekassen må om lag 70% av laftet skiftast ut. I tillegg til laftekassane er det tatt vare på ein god del anna materiell som hører til bygningen.

Opplyser her om tilstanden på noko av dette materiellet:

- Vindaugene er i dårlig forfatning og må restaurerast. Nokre vindauge må produserast på nytt.
- Innvendige dører kan stort sett gjenbruks.
- Ytterdør til kjøkken må restaurerast.
- Bjelkelag mellom 1. og 2. etg kan truleg gjenbruks, men må forsterkast.
- Største delen av sperr og sutak kan gjenbruks.
- Ein større del av skifersteinen kan truleg gjenbruks. Steinene er lagra utandørs på eigedomen der lemstova stod, så det er uvisst om all steinen framleis er der.
- Av sutaket kan ein gjenbruks om lag 60%.

Av materiell som ikkje er tatt vare på under demonteringa kan ein blant anna nemne golv, golvbjelkar mot grunn/kjellar, veggplater, nyare vindauge, himlingsplater, faspanel (loft), mesteparten av innvendig listverk, pipe, samt utvendig kledning.

Vedlagt rapport frå Gamle3hus dokumenterer demonteringa av lemstova. Rapporten syner også korleis huset var før demonteringa, og den syner også delvis tilstanden på materiellet.

Det er veldig varierande kvalitet på materiellet til lemstova, og det vert difor seld slik det er. Materiellet vert overlevert utan noko form for reklamasjonsrett.

Det er eit rekkefølgjekrav i reguleringsplanen om at bygningen skal gjenreisast i same området som der den opprinneleg stod. Men det er gitt dispensasjon frå dette kravet, slik at bygningen no også kan gjenreisast andre stader.

Det er politiske føringar på at Alver kommune skal selje lemstova, og ein inviterer hermed lag, organisasjonar, bedrifter og privatpersonar til å søkje om å få overta lemstova.

Salssummen er sett til Kr 20.000,-

Alver kommune stiller nokre krav for å få overta lemstova.

Eit av krava er absolutt og må oppfyllast i sin heilheit for at ein skal kunna få overta lemstova.

Andre krav står i prioritert rekkefølgje, slik at kommunen kan vurdere kven som er best eigna til å overta lemstova.

**Absolutt krav:**

- Det må betalast kr 20.000,- for lemstova.

**Andre krav:**

- Materiellet må overtaks og fjernast frå lager på Fammestad innan 31.03.2023. Eventuelt kan ny eigar inngå leigeavtale med Gamle3hus dersom ein har behov for å lagre materiellet vidare.
- Interessentar må synleggjera korleis ein vil gjenbruка lemstova. Med gjenbruk meiner ein her at bygningen skal førast opp igjen. Lemstova kan førast opp både som eit eige separat bygg eller som del av ein bygningsmasse.

Bruk av delar av laft for suppling i andre bygningar vil gje ein därlegare skåre enn dersom bygningen vert ført opp i sin opprinnelige form.

Søkjarar som vil gjenbruка lemstova i Alver kommune blir prioriterte.

Søkjarar må opplysa om kva kunnskap/erfaringer ein har med arbeid på verneverdige bygg.

- Bruk av lemstova til formål som allmenta kan nytte seg av vil skåre høgare enn privat bruk.

Alver kommune står fritt til å avbryta søkerprosessen og avvise alle søkerar dersom ein ser at krava ikkje vert oppfylte i tilstrekkeleg grad.

Alver kommune ser det som ein fordel at gjenbruken vert utført i tråd med tidlegare handverkstradisjonar, men dette er ikkje eit krav.

Alver kommune ynskjer å ha moglegheit til å følgja, dokumentera og formidla prosessen med gjenbruk.

**Løyve:**

Kjøpar må sjølv ordne med innhenting av nødvendige løyver (byggjeløyve mm) for å få føre opp lemstova på nytt. Kjøpar tar all risiko i samband med dette.

**Befaring materiell:**

Det er mogleg å delta på felles befaring av materiellet.

Tidspunkt for befaring er torsdag 02.02.2023 kl. 10.00

Adresse: Gamle 3hus, Mykingvegen 538, 5913 Eikangervåg.

Påmelding på e-post til [oddbjorn.hindenes@alver.kommune.no](mailto:oddbjorn.hindenes@alver.kommune.no) eller pr telefon 90261336 innan 31.01.2023

**Søknad:**

Skriftleg søknad om å få overta materiellet til lemstova må sendast/ leverast til Alver kommune innan 10.02.2023.

Søknaden må svara ut det som er etterspurt under absolutte krav og andre krav.

Søknad kan sendast på e-post til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller pr post til:

Alver kommune

Postboks 4

5906 Frekhaug

Ein kan også leverta søknad til innbyggjarservice på Frekhaug (Havnevegen 41A, 5918 Frekhaug), Knarvik (Kvernhusmyrane 25, 5914 Isdalstø) eller Manger (Radøyvegen 1690, 5936 Manger)

Søknad merkast med: Sak 22/8964 Avhending lemstova i Alversund

**Vedlegg:**

- Rapport, Dokumentasjon av demontering av Lemstova på Alver.
- Kjøpskontrakt, materiell lemstove